

## INNTAKSREGLEMENT

- 1 Søknadsfrist til 8.trinn er 1. desember, året før eleven skal byrja på 8.trinn. Søknaden skal leverast på skulen sitt søknadsskjema. Dette skjemaet er utlagt på heimesida til skulen ([www.tryggheim.no](http://www.tryggheim.no)).
- 2 Følgjande søkjarar blir tekne inn fyrst:
  - i 30% av elevplassane til 8.trinn vert tildelt dei som har søkt fyrst
  - ii Born av tilsette ved Tryggheim skular det året eleven skal byrja på skulen
  - iii Søkjarar som har eller har hatt sysken ved skulen
  - iv Born av foreldre som har vore i misjon/ hjelpearbeid/ utviklingsarbeid utanlands det siste skuleåret før skulestart på Tryggheim ungdomsskule.
  - v Resten av elevplassane blir tildelt ved loddrekning der det så langt som det er mogleg, sikrar at kvart kjønn er representerte med minimum 40% i samla inntak.
- 3 Søknader som kjem inn **etter** søknadsfristen, og søknader til ledige plasser i 9. og 10.trinn, blir handsama etter kvart. Ved tildeling av den siste plassen vil skulen prioritera born av foreldre i misjon/ hjelpearbeid/ utviklingsarbeid (pkt iv over).

Søknader som kjem etter søknadsfristen, og der skulen har venteliste, vil bli sett nedst på ventelista uavhengig av prioriteringane i punkt 2 overfor.

Born av nytilsette (tilsett etter søknadsfristen), blir prioritert inn øvst på ei eventuell venteliste. Deretter vil born til foreldre/ føresette som kjem frå misjon/ hjelpearbeid/ utviklingsarbeid utanlands, våren før skulestart, bli prioritert inn på ventelista.
- 4 Dei som tek imot elevplass, må betale eit forskot på skulepengane/ inntaksgebyr, etter gjeldande sats. Dette blir ikkje betalt attende om ein seinare seier frå seg plassen.
- 5 Dersom sysken/føresette har uteståande skulepengar, vil nye sysken som søker skuleplass verta sett nedst på ventelista.
- 6 Elevar med behov kan søkja om å få redusert skulepengane. Skulestyret vil i kvart tilfelle, på bakgrunn av søknad og dokumentasjon, vurdere om det er grunnlag for reduksjon.

Fylkesmannen er klageinstans når det gjeld elevopptak. Søkjarar som får avslag eller som vert tekne inn, vert informert om klageretten

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om inntak er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Klage sendes Fylkesmannen via skulen innan 3 veker. Når det gjeld klage syner me til Forvaltningslova kap VI.

Inntaksreglementet vart vedteke av skulestyret 05.02.2019